



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
24.06.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/6240 421.4
Dykkar referanse
«REF»

Meland kommune
Kystverket

Møtereferat Dialogmøte 18.06.2014, Meland kommune.

Bakgrunn for møtet var at Fylkesmannen i Hordaland og representantar frå Kystverket/Norconsult har retta førespurnad om å få møte Meland kommune i samband med pågåande oppdatering av tidlegare forslag til reguleringsplan for nordleg innseglingslei til Bergen. Etter dette vart formannskapet innkalla til ekstramøte.

Agendaen for møtet var å gå igjennom Miljøverndepartementet sitt brev av 9.12.2013 om nordleg innsegling til Bergen, der Kystverket er rådd til å nytte høvet ein har til å overta arbeidet med organisering og utarbeiding av planforslag, jamfør plan- og bygningslova (pbl) § 3-7.

Vidare var det reist ønskje om å drøfte kva oppdateringar som er naudsynte i høve til førre planforslag og diskutere dei løysingar for vidare prosess som Miljøverndepartementet opnar for i brevet.

Møtet vart halde onsdag 18.06. kl. 09.00 i formannskapssalen, Meland rådhus.

Frammøtte:

Formannskapet (fleire møtte med vararepresentant):

- Nils Marton Aadland - ordførar
- Anne Grethe Eide, Ap.
- Sp (møtte ikkje, ingen vararepresentant)
- Atle Håtuft, FrP.
- Marit Samnøy Jøssang, KrF
- Ragnar Bratland, H.
- Leif Johnsen, Miljøpartiet De Grønne.

- Ingvild Hjelmtveit – rådmann.
- Anny Bastesen – plansjef.

Frå Kystverket/ Norconsult:

- Geir Skaret, avdelingsleder Havne- og farvannsavdelingen, Kystverket Vest
- Knut Stenevik, avdelingsleder Plan- og kystforvaltningsavdelingen, Kystverket Vest

- Marit Mienna, Norconsult

Frå Fylkesmannen:

- Rune Fjeld – assisterande fylkesmann.
- Arve Meidell – seksjonsleiar, plan og beredskap.
- Egil Hauge – prosjektleiar, statleg samordning.

Ordførar Nils Marton Aadland opna møtet og orienterte om kommunen sitt tidlegare standpunkt og om vedtak som er fatta i saka.

Fylkesmannen orienterte om innhaldet i Miljøverndepartementet sitt brev av 9.12.2013, der det går fram at departementet vurderer at plan- og bygningslova sine føresetnader for å ta i bruk statleg reguleringsplan er til stades i denne saka, men at det no først vil vere trong for nokre oppdateringar av tidlegare planforslag. Miljøverndepartementet har rådd til at Kystverket nyttar heimelen som er gitt statlege styresmakter i pbl. § 3-7, til å overta dei oppgåvene planadministrasjonen i kommunen har med å organisere og utarbeide nytt planforslag. Det er likevel peika på at dette bør skje i samråd med aktuelle kommunar og regionale styresmakter.

Vidare peikar departementet på at endeleg planvedtak i utgangspunktet skal fattast av dei aktuelle kommunane, då under føresetnad av at framdrifta i planarbeidet vert halde oppe og at kommunane er villige til å vedta ein plan som tek opp i seg dei nasjonale interessene i saka. Dersom det viser seg ikkje å vere mogeleg, vil departementet (no Kommunal- og moderniseringsdepartementet) når som helst kunne vurdere å tre inn i kommunestyret si rolle som planstyresmakt og fatte statleg planvedtak, jamfør pbl. § 6-4.

Kystverket orienterte mellom anna om arbeidet med ny risikoanalyse for tiltaket. Det ser ut til at talet på seglingar gjennom ny lei vil bli vesentleg redusert i høve til kva som er lagt til grunn tidlegare. Det vil og kunne fastsetjast avgrensingar i forskrift når det gjeld segling med farleg last.

Oppsummering

Saka vart drøfta. Det var semje om at det er viktig med ein nær dialog vidare i Kystverket sitt arbeid med oppdateringa av planen, og at denne dialogen vert politisk forankra i kommunen. Neste naturlege dialogpunkt kan, etter forslag frå ordføraren, vere med kommunestyret i september når kartgrunnlaget er oppdatert. Risikoanalysen vil vere eit av dei aktuelle tema som kan drøftast. Kommunen inviterer til møte.

Meland kommune vil stille administrative ressursar til rådvelde for å medverke til opplysning av og framdrift i saka. Kommunen vil og vurdere å kome attende til spørsmålet om kva rolle ein vil ha i samband med nytt offentleg ettersyn og planvedtak.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.